

Dato 17.01.18

Saksbehandler Anders Aabø

**REFERAT** frå styremøte 06.04.16, Statens hus, Stavanger.

**Til stades:** Astrid Fjeld, Kirsten J. Steffensen, Anne Hestad Hem, Hans Widerøe, Ragnvald Wernøe, Anders Aabø.  
Forfall: Kjell Olav Henriksen.

**Sakliste:**

- 21/16 Godkjenning av referatet frå møtet 24.02.16.
- 22/16 Økonomi.
- 23/16 Studieturen 2016.
- 24/16 Møte med Dalane – regionen 11.05.16.
- 25/16 Rammeplanen; implementering.
- 26/16 Vestlandsmøtet.
- 27/16 Planlegging av «Restsaker i VP».
- 28/16 Landsmøtet 2016; delegatar.
- 9 Eventuelt.

**Sak 21/16:** Referatet frå møtet 24.02.16 samrøystes godkjent.

**Sak 22/16:** Saldo pr 31.01.16 er kr 77.000,-.

**Sak 23/16:** Pris for studieturen vert kr 7.000,-. Dette vert fakturert dei påmelde i juni. Styremedlemmer og rådgivaren får dekt turen av fylkesavdelinga. Anne H. Hem og rådgivaren arbeider vidare med programmet.

**Sak 24/16:** Invitasjon er sendt dei fire kommunane i regionen. Rådgivaren kontaktar rektorane i Dalane – regionen. Tilleggsspørsmål: Ved eventuell kommunesamanslåing: 1 eller fleire kulturskular i regionen?

**Sak 25/16:** Dette vert sett opp som sak på leiarmøtet 27.05.16.

**Sak 26/16:** Fylkesleiar og rådgivar deltek på Vestlandsmøtet 07. – 08.04.16. I tillegg til oppsett sakliste, ønsker vi ei orientering om korleis dei andre fylkesavdelingane arbeider med implementeringa av rammeplanen.

**Sak 27/16:** Det vert ikkje arbeid vidare med «Greater Stavanger». UH – sektoren vert invitert til leiarmøtet i september 2016. (HSH og UiS).

**Sak 28/16:** Ordføreren i Karmøy vert førespurd om å vera delegat på Landsmøtet 2016.

**Sak 29/16:** Årsmøtet 2017 vert lagt til Thon Hotell Maritim, Stavanger 09. – 10.03.17.

Sak 29/16 vart teken opp under eventuelt.

Finnøy 04.05.16.

Anders Aabø  
(Referent)